



Alkoholpolitiske retningslinjer for Sveio kommune

Løyveperioden 2024–2028



Forord

Det er lovpålagt at det skal utarbeidast en kommunal alkoholpolitisk handlingsplan, jf. alkoholloven § 1-7d. I Sveio kommune er den alkoholpolitiske handlingsplanen delt i to delar:

- A. Ruspolitisk handlingsplan
- B. Alkoholpolitiske retningslinjer

Ruspolitisk handlingsplan inneheld det overordna måla og delmåla for det heilskaplege rusmiddelarbeidet i kommunen, mens dei alkoholpolitiske retningslinjene inneheld konkrete føresegner for skjenke- og salsløyve i kommunen.

Innhold

| | |
|--|----|
| 1. Generelt | 4 |
| 1.1 Generelt | 4 |
| 1.2 Mål | 4 |
| 1.3 Løyveperioden | 4 |
| 1.4 Ved tildeling og fornying av løyver | 4 |
| 2. Skjenkeløyve | 5 |
| 2.1 Tildeling | 5 |
| 2.2 Unntatt løyve | 5 |
| 2.3 Idrettshallar og fleirbruksarenaer | 5 |
| 2.4 Ambulerande skjenkeløyve og skjenkeløyve for einskildhøve | 5 |
| 2.5 Vakthald og ansvar | 6 |
| 3. Opnings- og lukketider for serveringsstadene | 7 |
| 4. Tidspunkt for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk | 7 |
| 4.1 Skjenketider alminneleg skjenkeløyve innandørs / utandørs | 7 |
| 4.2 Ambulerande skjenkeløyve og skjenkeløyve for einskildhøve | 7 |
| 4.3 Salsløyve | 8 |
| 5. Ansvar og mynde | 8 |
| 5.1 Mynde til å gje serverings-, skjenke og salsløyve | 8 |
| 5.2 Rådmannen har delegert mynde til: | 8 |
| 5.3 Hovudutval helse – og omsorg (HHO) har delegert mynde til: | 9 |
| 6. Andre forhold | 9 |
| 6.1 Engrossal av alkoholhaldig drikk til løyvehavar, einskildhøve | 9 |
| 6.2 Kontroll av sals – og skjenkestadene | 9 |
| 6.3 Innmelding av arrangement for faste skjenkeløyve | 9 |
| 6.4 Internkontroll | 9 |
| 6.5 Rapportering og omsetting | 9 |
| 6.6 Ansvarleg vertskap | 10 |
| 6.7 Utlevering / utkøyring av alkohol i forbinding med bestilling og nettsal | 10 |
| 7. Retningslinjer for reaksjonar på brot på alkohollova, forskrift og vilkår for løyve | 10 |
| 8. Tid for iverksetjing | 10 |

1. Generelt

1.1 Innleiande merknadar

Dei alkoholpolitiske retningslinjene gjeld for løyveperioden 2024–2028, og er grunnlag for tildeling av løyve for sal og skjenking av alkohol i denne perioden. Den enkelte søknaden om sal- og skjenkeløyve for alkohol skal behandlast i samsvar med føresegne som blir gitt her.

Det er lov om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. av 2. juni 1989 nr. 27 (alkoholloven) og forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. av 8. juni 2005 nr. 537 (alkoholforskrifta) som legg grunnlag for retningslinjene. Alkohollov- og forskrift gjeld for alle område innan sal og skjenking av alkoholhaldige drikkevarer.

1.2 Mål

Det overordna målet i ruspolitisk handlingsplan for Sveio kommune er å redusera dei negative konsekvensane som rusmiddelbruk har for einskildpersonar og samfunnet, og å fremma fleire friske leveår for sveibuen. Dei alkoholpolitiske retningslinjer er eit av verkemidla for å oppfylla måla i den ruspolitiske handlingsplanen. Eit viktig verkemiddel for å oppnå eit slikt mål, er å ha ein omsetnads- og salspraksis som er restriktiv og kontrollert.

Dei alkoholpolitiske retningslinjene skal gi føreseielegeheit, og med dette gi næringa godt driftsgrunnlag og gode konkurransevilkår. Kontroll av tildelte løyve gjennom det interkommunale skjenkesamarbeidet NoRoSun skal sikra at sal og skjenking skjer i tråd med lov og retningslinjer.

1.3 Løyveperioden og behandlingstid

Løyveperioden er maksimalt fire år, med sluttidspunkt 30. september siste år i løyveperioden. Kommunestyret kan så vedta samla forlenging av alle sals- og skjenkeløyve, som ikkje har fått prikkar, for ein ny fireårsperiode, jf. alkoholloven § 1-6.

Søknadar om sals- og skjenkeløyve blir behandla fortløpande.

Søknader som gjeld skjenkeløyve for einskildhøve må vera mottatt seinast tre – 3 – veker før arrangementet.

Søknadar om ambulerande skjenkeløyve må vera mottatt seinast to – 2 – veker før arrangementet.

1.4 Ved tildeling og fornying av løyver

Det skal leggast vekt på om søker er å sjå på som eigna til å ha sals- eller skjenkeløyve ved tildeling og fornying av løyve, jf. alkoholloven §§ 1-7b 1-7c, og det blir tatt omsyn til tidlegare erfaring med søkeren si utøving av løyvet, kor ein ser til eventuelt:

- Brot på vilkår som er sett for løyvet

- Brot på skjenke- eller aldersreglar
- Endring av driftskonsept utan godkjenning
- Klanderverdige ordensforhold ved skjenkestaden
- Brot på reklamereglane

2. Skjenkeløyve

2.1 Tildeling

Ved tildeling av både faste løyve for løyve til einskildhøve skal det leggast vekt på tal på sals- og skjenkestader i kommunen, målgruppa for skjenkestader/arrangement, staden der det er søkt om løyve, trafikkforhold og ordensmessige tilhøve.

2.2 Unntatt løyve

Det blir ikkje gitt skjenkeløyve til følgande:

- Det blir ikkje gitt alminneleg skjenkeløyve til verksemder knytt til skular og barnehagar.
- Det blir som hovudregel ikkje gitt skjenkeløyve ved idrettsarrangement og arrangement som er retta mot barn og unge.
- Det blir som hovudregel ikkje tildelt skjenkeløyve i kjøpesenter / butikkområde i tidsrommet når butikkane er opne.
- Det blir ikkje gitt skjenkeløyve til gatekjøkken, bensinstasjonar, kioskar og liknande, jf. alkoholforskrifta § 3-4.

2.3 Idrettshallar og fleirbruksarenaer

Det kan bli gitt skjenkeløyve til einskildhøve for arrangement i idrettshallar og fleirbruksarenaer når skjenketida ikkje omfattar skuletida. Terskelen for å gi skjenkeløyve til slike arrangement skal vera høg, og søker må utførleg dokumentera at omsynet til barn og unge blir godt varetatt. Kor mange løyve som har vore gitt i perioden før aktuell søknad vil vera eit vurderingsmoment.

2.4 Kjøpesenter/butikkområde

Skjenkeområdet må vera tydeleg avgrensa, men det er ikkje nødvendig med faste veggar.

2.4 Ambulerande skjenkeløyve

- a) I medhald av alkoholloven § 1-6, jf. § 4-5, opprettar Sveio kommunestyre tre – 3 – ambulerande løyve for skjenking av alkoholhaldig drikk som inneheld inntil 60 volumprosent alkohol for løyveperioden 2024–2028.
- b) Ambulerande skjenkeløyve kan bli gitt for alkoholhaldig drikk som inneheld inntil 60 volumprosent alkohol, men berre for eit enkelt høve og slutta lag. Begge vilkåra må vera oppfylte. Definisjon av «slutta lag» skal til ein kvar tid tolkast ut frå det alkoholloven og tilhøyrande regelverk legg til grunn.

- c) Skjenketidene følger av pkt. 4.
- d) Løyvegebyret for bruk av ambulerande skjenkeløyve blir fastsett til det som er gjeldende, jf. alkoholloven § 7-1 og alkoholforskrifta § 6-2. Pr. 1. januar 2024 er dette på kr 440,-.
- e) Melding om innvilga løyve skal sendast til kontrollinstansane.

2.5 Skjenkeløyve for einskildhøve

- a) Skjenkeløyve for einskildhøve etter alkoholloven § 1-6 kan ha ei varighet på inntil tre – 3 – dagar.
- b) Skjenketidene blir regulert av pkt. 4.
- c) Løyvegebyret blir fastsett etter følgjande satsar, jf. alkoholloven § 7-1 og alkoholforskrifta § 6-2:

Arrangement med inntil 100 deltagarar: Kr 400,-

Arrangement med inntil 500 deltagarar: Kr 1000,-

Arrangement med meir enn 500 deltagarar: Kr 2000,-

- d) Melding om innvilga løyve skal sendast til kontrollinstansane.
- e) Det blir stilt følgande vilkår ved tildeling av skjenkeløyve i bygg som har delt funksjon mellom skule og grøndehus, og i Vigdartun, jf. alkoholloven § 4-3:
 - Ved arrangement med skjenking skal all skule-/idrettsaktivitet vera avslutta minst to – 2 – timer i forkant av arrangementet, dersom arrangementet skal nytta same del av lokala som skule-/idrettsaktiviteten bruker.
 - Etter arrangementet er avslutta skal lokalet ryddast grundig. Det skal ikkje vere teikn til tomgods, glas eller anna som syner at det har vore alkoholservering, verken inne i lokalet eller utanfor.
 - Etter at arrangement med skjenking er avslutta, skal ikkje lokalet brukast før det har gått minst 12 timer.
- f) Det er ikkje sett tak på tal på arrangement med alkoholservering i Vigdartun pr. kalenderår, men kvar søknad blir vurdert fortløpende.

2.6 Vakthald og ansvar

Løyvehavar har ansvar for å sørga for tilstrekkeleg vakthald. Arrangementet må meldast inn til politiet og brannvesenet. Løyvehavar er ansvarleg for at lov, forskrifter og reglar blir følgde og at det blir gitt tilstrekkeleg opplæring til vaktar og anna personell.

3. Opnings- og lukketider for serveringsstader

3.1 Innandørs

- a) Serveringsstader utan skjenkeløyve kan halda ope heile døgnet.
- b) Serveringsstader med skjenkeløyve innandørs, skal halda stengt frå kl. 03:00–06:00.

3.2 Utandørs

- a) Serveringsstaden sine lokale utandørs skal vera tydeleg avgrensa. Kart som viser arealet kor det er lov å ta med seg mat og drikke skal vera oppslått på ein stad der gjestar og kontrollørar lett kan sjå det.
- b) Servering utandørs, med eller utan skjenkeløyve, skal halda stengt frå kl. 01:30–09:00.
- c) Det kan serverast og skjenkast utandørs alle månader i året.

4. Tidspunkt for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk

4.1 Skjenketider for alminneleg skjenkeløyve – innandørs og utandørs

- a) Alkoholhaldig drikk gr. 1 og 2 som inneholder mindre enn 22 volumprosent alkohol: Alle dagar ekskl. 17. mai: kl. 12:00–02:00.
- b) Alkoholhaldig drikk gr. 3 som inneholder mellom 22 og 60 volumprosent alkohol: Alle dagar ekskl. 17. mai: kl. 13:00–01:00.
- c) 17. mai: Skjenkestart gr. 1, 2 og 3: kl. 16:00. Same skjenkestopp som over.
- d) All skjenking må avsluttast seinast $\frac{1}{2}$ time før serveringsstaden stenger. På overnattingsstader kan det skjenkast øl og vin til overnattingsgjester utan tidsinnskrenking.
- e) I lokale med skjenkeløyve har mindreårige ikkje åtgang etter kl. 22. Aldersgrensa gjeld ikkje ved lukka arrangement.

4.2 Ambulerande skjenkeløyve og skjenkeløyve for einskildhøve

- a) Dei same skjenketidene som i pkt. 4.1 gjeld òg for ambulerande skjenkeløyve og einskildhøve.
- b) All skjenking må avsluttast seinast $\frac{1}{2}$ time før serveringsstaden stenger.
- c) Arrangement som har løyve for skjenking av alkoholhaldig drikk gr. 1 og 2 skal ha 18 års-aldersgrense for heile arrangementet. Aldersgrensa gjeld ikkje ved lukka arrangement.
- d) Arrangement som har løyve for skjenking av alkoholhaldig drikk gr. 1, 2 og 3 skal ha 20 års-aldersgrense for heile arrangementet. Aldersgrensa gjeld ikkje ved lukka arrangement.
- e) Ved større arrangement vil det ikkje bli gjeve rett til skjenking av alkoholhaldig drikk gr. 3 (brennevin).

4.3 Salsløyve

- a) Tider for sal og utlevering av alkoholhaldig drikke, gr. 1:
 - Måndag til fredag kl. 08:00–20:00
 - Laurdag kl. 08:00–18:00
- b) På laurdagar og dagar før heilagdagar, med unntak av dagen før Kristi himmelfartsdag, skal sal av alkoholhaldig drikk gr. 1 vera stengt frå kl. 18:00.
- c) Nyttårsaftan, påskeaftan og pinseaftan skal sal av alkoholhaldig drikk gr. 1 vera stengt frå kl. 15:00.
- d) Det er ikkje tillate å selja alkoholhaldig drikk gr. 1 på søndagar, heilagdagar, 1. mai og 17. mai.
- e) Alkoholhaldig drikk gr. 1 skal vera dekt til utanom salstida.
- f) Det er ikkje tillate å plassera alkoholhaldig drikk i same kjøleskap som alkoholfri drikk.

5. Ansvar og mynde

5.1 Mynde til å gje serverings-, skjenke og salsløyve

Mynde til å gje serverings-, skjenke og salsløyve ligg i kommunestyre, jf. serveringslova og alkohollova § 1-7. Kommunestyret har i KOM 076/12 delegert mynde til å gje serveringsløyve og løyve for einskildhøve til rådmannen.

5.2 Rådmannen har delegert mynde til å:

- 5.2.1 godkjenna bruk av ambulerande løyve,
- 5.2.2 tildela løyve for einskildhøve, inkludert godkjenna skjenkestad og styrar/avløysar,
- 5.2.3 godkjenna utviding av skjenkelokale eller bruk av løyve utanfor fast skjenkestad for eit einskildhøve,
- 5.2.4 gi dispensasjon utover fastsett skjenketid i samsvar med gjeldande lovverk,
- 5.2.5 godkjenna ny styrar og avløysar for sal- og skjenkeløyve i gjeldande periode,
- 5.2.6 godkjenna utviding av arealet på lokalet til eit salsløyve,
- 5.2.7 inngå kontraktar med kontrollør/selskap om å utføre sal- og skjenkekонтroll på vegner av kommunen,
- 5.2.8 gjennomføra kunnskapsprøven i alkoholloven og etablerarprøven for serveringsverksem,
- 5.2.9 krevja inn løyvegebyr,
- 5.2.10 fastsetta fristar for innsending av omsetjingsoppgåver,
- 5.2.11 setta fram åtvaring ved første gongs brot på alkoholloven,
- 5.2.12 forlenga eksisterande sals- og faste skjenkeløyve for inneverande løyveperiode; 22.04.2024–30.09 2028

5.3 Hovudutval helse og omsorg (HHO)

Hovudutval helse og omsorg (HHO) er kontrollutval for alkoholloven og får delegert mynde etter alkoholloven § 1–9.

6. Andre forhold

6.1 Engrossal av alkoholhaldig drikk til løyvehavar, einskildhøve

Alkoholloven § 1-4c opnar for engrossal av alkoholhaldig drikk til løyvehavarar med løyve for einskildhøve, dersom styrar og avløysar har gjennomført kunnskapsprøven i alkoholloven.

6.2 Kontroll av sals- og skjenkestadene

Kontroll av sals- og skjenkestadene skal skje etter reglane i alkoholloven og forskrifter til lova.

Alle sals – og skjenkestader skal kontrollerast minimum éin gong pr. år, og det totale talet på kontrollar skal være minimum tre gonger så mange som talet på løyver. Kontrollane skal i størst mogleg grad gjerast i periodar og på døgnet når det er flest besök/kundar.

Sveio kommune er med i vertskommunesamarbeidet *NoRoSun skjenke- og salskontroll*. Sauda kommune er vertskommune for samarbeidet.

6.3 Innmelding av arrangement for faste skjenkeløyve

For å kunna gjennomføre lovpålagt tal på kontrollar, skal alle arrangement meldast inn av dei som har faste skjenkeløyve. Dette gjeld både opne og lukka arrangement.

Det skal meldast inn arrangement så snart det er planlagt/bestilt, seinast to veker før arrangementet.

6.4 Internkontroll

Løyvehavar skal ha internkontroll for verksemda si, og som ein del av denne skal verksemda gjennomføra opplæring i alkoholloven for dei tilsette, jf. alkoholforskrifta § 8-3, andre avsnitt, nr. 1.

Verksemda skal ha gode, dokumenterbare rutinar for å sikra at drifta er forsvarleg og i samsvar med regelverket. Kommunen kan gi informasjon og tilby samarbeid om kompetansehevande tiltak.

6.5 Rapportering og omsetting

Løyvehavar er pliktig til å rapportera til kommunen mengde omsett alkohol for kvart år innan 15. mars påfølgande år. Omsetningstala dannar grunnlag for utrekning av gebyr som til ei kvar tid følger dei satsane som er fastsett.

6.6 Ansvarleg vertskap

I kvar løyveperiode skal kommunen tilby kurs i «ansvarleg vertskap» til dagleg leiar, styrarar, avløysar og andre som har sal og/eller skjenking av alkoholhaldig drikk som sitt arbeidsfelt ved sals- og skjenkestadene i kommunen.

Alle faste skjenke- og salsløyve pliktar å stilla med deltagarar på kurs når kommunen sender ut invitasjon til «ansvarleg vertskapskurs».

Same kravet blir stilt til festivalarrangørar og arrangørar som har tre einskildhøver eller meir i året.

Formålet med ordninga er å skape ein betre dialog og en felles forståing mellom løyvemynde og næringa, og å betre kompetansen i den enkelte verksemda.

6.7 Utlevering/utkøyring av alkohol i samband med bestilling og nettsal

Alkoholloven opnar seg for løyve til bestilling og nettsal av alkohol i gr. 1, jf. § 3-1, andre avsnitt. Nettbutikk som tilbyr heimkøyring og utleverer alkoholhaldige varer i Sveio kommune må ha eige løyve i kommunen for dette. Utlevering og utkøyring av alkoholhaldig drikk må skje innanfor opningstidene for løyvet og følga reglene etter alkoholloven og -forskrifta, som eit ordinært salsløyve.

7. Reaksjonar på brot på alkoholloven, forskrift og vilkår for løyve

7.1 Alkoholforskrifta

Reglar om prikktildeling og inndraging følger av alkoholforskrifta kapittel 10.

7.2 Klage

Kommunen sitt vedtak om inndraging av løyve kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. alkoholloven § 1-16.

8. Tid for iverksetting

Desse retningslinjer gjeld frå 22.04.2024 til og med 30.09.2028. Jf. sak KOM-050/24.